



Innbyggarmedverknad

Innspel til klima- og energiplanen

Innspela vart samla inn digitalt i april og mai 2025, og på opent folkemøte på biblioteket 14. mai.

Det vart totalt seks A4-sider med innspel. Mange var likelydande, og innspela er derfor samanfatta, kategorisert og oppsummert i dette dokumentet.

Energi



- **Mange foreslår solenergi:**
 - Legg ein plan for solenergi i nybygg og restaurering.
 - Utnytt takflater og fasadar – både kommunale og private bygg.
 - Tilgang på ekstern fagkompetanse for innbyggjarar og næring.
- **Energieffektivisering:**
 - Automatisk styring av temperatur i bygg.
 - Oppgradering av eksisterande bygg og
 - Bygge ut/ effektivisere eksisterande vasskraftverk.
 - Bruk av overskotsvarme.
- **Alternative energikjelder:**
 - Biogassanlegg, også i landbruket.
 - Vedfyring, pellets, flisfyring, varme frå fjord/grunn.
 - Sentrifugal-vasskraft.
- **Tiltak for lågare forbruk:**
 - Etterisolering, LED-gatelys, informasjonskampanjar.



Mobilitet og transport

- **Tilrettelegging for grøn transport:**
 - Gang- og sykkelvegar, fleire sykkelstativ, bilfritt sentrum.
 - Trafikktryggleik: samarbeid med skular, trafikkomité, kampanjar mot småkøyring.
- **Kollektivtiltak:**
 - Gratis ringbuss, redusere grensa for rett på skuleskyss, samkøyringsordningar ("Trygt heim for 50-lappen").
- **Motivasjon og haldningsendring:**
 - Skuleprosjekt og kampanjar for å gå/sykle til skulen



Arealbruk og tettstadutvikling

- **Vern av natur og jordbruksareal:**
 - Strengare krav til utbygging i myr, strandsoner, skog.
 - Unngå nedbygging og fragmentering av dyrka mark
 - Bevaring av tre og skog i planar
- **Effektiv arealbruk:**
 - Fortetting, gjenbruk av bygg, betre utnytting av utbygde område.
 - Samle fleire funksjonar/tenester i same bygg
- **Planlegging og styring:**
 - Meir overordna styring av jordvern og strengare reguleringsplanar.
 - Fjellsætra og andre område må få tydelegare regulering.



Forbruk og avfall

- **Avfall og gjenvinning:**
 - Betre sortering i næringsbygg og sentrum.
 - Sjeldnare henting, lengre opningstider og større kvotar på Jarnes.
- **Gjenbruk og matsvinn:**
 - Arenaer for gjenbruk, byttedagar.
 - Utfordre butikkar til å redusere svinn og plastbruk, og til å selje meir lokalmat
 - Meir lokal mat, betre synleggjering av klimanøytral lokalproduksjon.

Landbruk, jordbruk, skogbruk



- **Dyrka mark og matproduksjon:**
 - Ikkje bygg ned dyrkamark.
 - Tilrettelegg for lokalt og økologisk landbruk.
 - Gje støtte, kurs og kompetanseheving til bønder.
 - Fokus på maks utbytte på dyrka areal (avling)
- **Klimatiltak i landbruket:**
 - Biogass, drenering, tilskot til ekstern gjødsellagring.
 - Gras-, avførings- og gjødselprøver.
 - RMP-midlar som er målretta inn mot reduserte klimagassutslepp.
 - Dreneringstiltak og dreneringsmidlar
- **Skog og utmark:**
 - Unngå flathogst, verne myr og skog for karbonbinding.
 - Kartlegging og beiteplanlegging.



Andre tema

- **Forureining og naturvern i fjordane:**
 - Redusere utslepp i fjordane (nitrogen, avrenning).
 - Forbetre reinsing i private anlegg.
 - Hindre nye utbyggingar som gir store forureiningar.
- **Uønskte miljøhandlingar:**
 - Stoppe bålbrekking med giftige stoff